

Kvitbladtistel

Cirsium heterophyllum L.



Kjenneteikn

Fleirårig plante som formeirer og spreier seg med frø og krypande jordstenglar. Jordstenglane er gruntliggjande, seige og sterkt greina. Siderøter og nye jordstenglar veks ut frå leddknutane, medan nye lysskott hovudsakleg vert utvikla frå spissen av hovudstamma.

Opprett stengel, 50-100 cm, som regel ugreina, bladlaus og fri for tor- nar og vengjekantar.

Alle blad er mørkegrøne og glatte på oversida, kvitfilta på undersida.

Blomstring i juli - september. Tal frø per stengel er ca. 1600.

Spiringa er god; optimalt spiredjup er 2-3 cm.

Krav til veksevilkår

Likar våt, gjerne sur og humusrik jord.

Utbreiing

I Europa hovudsakleg i Skandinavia. Elles i dei nordvestlege delane av Asia. I Noreg vanleg i låglandet.

Folkemedisin

Det er blada samt saft frå blada som har vorte brukt i folkemedisinen. Skar ein seg under slåttan var dette eit vanleg brukt råd; Ein pressar ut safta frå blada og drypp dei på såret. Ein kunne òg legge bladet på såret med den kvite sida ned. Også dyra vart smurt med avkok av blad eller plante- saft - spenar til kyr som hadde utslett og hestar som hadde sår under halen etter seletøyet.

Kvitbladtistel er også brukt mot gikt. Safta frå blada vart smurt på huden.

Tiltak mot kvitbladtistel

Sist oppdatert nov 2013

Ugraset dukkar ofte opp i kantsoner eller på beite der det er vassig. Når planta får etablert seg spreier ho seg raskt med jordstenglar ("kvekerøter"). Graset vert fort fortrent i parti med kvitbladtistel.

Grøfting

Er det fuktig der planta har etablert seg er grøfting viktigaste tiltaket.

Hindre oppformering av frø

Slå kantar og anna areal der kvitbladtistelen veks helst før den blomstrar og seinast før frømodning. Dette vil hindra frøspreiing.

Pløying

Når ein først har fått etablert ein bestand av kvitbladtistel bør ein dele jordstenglane godt opp gjennom jordarbeiding for så å plassere dei djupast mogleg i jorda ved pløying. Der det ikkje er mogeleg å pløya kan bruk av ryddesag vera eit alternativ.



Blomsten liknar på andre tistlar, men blada er unike; sjå spalte til høgre

Kjelder:
Korsmos ugrasplansjer
Bioforsk

Utarbeidd med støtte frå økohandlingsplanmidlar frå FMLA Hordaland

Kvit "filt" på undersida


Blada til kvitbladtistel er lett å kjenne att på det kvite "filtlaget" under blada.



Blada vekslar svært mykje i utforming. Ikkje berre er oversida grøn og undersida kvit av filthår, men blada er meir eller mindre innskorne, vekslande frå plante til plante, og bladet har ulik stilling på planten. "Heterophyllum", dvs. "ulikblada", er difor eit fortrefteleg artsnamn.

Kompetanse for framtida

Sjusetev. 27, 5610 Øystese
Tlf: 98 24 58 30
Faks: 55 91 88 89
Bankgiro: 3411 23 62632
Org.nr.: NO 882 348 792 MVA
hordaland@lr.no
<http://hordaland.lr.no>



Norsk Landbruksrådgiving Hordaland